

Helse- og omsorgsdepartementet
postboks 8011 dep

0030 OSLO

Vår dato: 26.08.2013
Vår ref: 2013/3210 - 16953/2013 / F22
Dykkar ref:

Justert høyringsvar etter politisk handsaming frå Stord kommune om rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Stord kommune har mottatt høyringsnotat frå Helse- og omsorgsdepartementet der det er forslag om rett til å kunne få praktisk bistand og opplæring etter helse- og omsorgstenestelova organisert som brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Departementet bed særleg om synspunkt på vurdering av «stort behov» og på særskilt overprøving av fylkesmannen ved avslag for dei som får praktisk bistand og opplæring mellom 25 og 32 timar pr veke.

Administrasjonen i Stord kommune har sendt inn høyringsvar innan fristen 1. august. Høyringsvaret vart handsama politisk i komité for rehabilitering, helse og omsorg den 22. august 2013 og merknader frå dette møtet er innarbeidd i høyringsvaret.

Stord kommune er positiv til ordninga med BPA der brukar sjølv kan vera arbeidsleiar, ikkje minst ut frå brukar sitt legitime behov for sjølv å kunne styra eige daglegliv. Kommunen støttar at det vert ein lovfesta rett for brukarane til å velja BPA-ordninga som organisering av assistanse. Kommunen vil innanfor ei slik ordning bestemma omfanget gjennom tildeling av ressursar i form av timar. Vidare meiner kommunen at BPA-ordninga er omtala i høyringsutkastet som ei meir avgrensa ordning enn slik mange kommunar praktiserer ordninga i dag.

Forslaget inneber at personar over 67 år ikkje skal ha rett til BPA. Dette kan verta opplevd som ei uheldig og uhøveleg grense, der individuelle omsyn vert sett vekk ifrå. Kommunen ber om at det kan utarbeidast fleksible BPA vurderingar for personar med BPA som passerar 67 år. Kommunen står fritt til å halda fram med tilbod om BPA også etter denne alderen, men dette kan skapa ulikskap i tilbodet mellom kommunane.

I samband med utmåling av timar praktisk bistand og opplæring bør det koma klarare fram kva som er praktisk bistand og opplæring og kva som er personretta teneste. Desse kan gå inn i einannan og kommunane kan tolka dette ulikt, noko som kan få konsekvensar for kven som kjem over nedre grense for rett til BPA. Her er det og verdt å merka seg at kommunen står fritt til å tilby BPA til brukarar under dette tenestefanget.

Kommunen meiner at det er naudsynt å presisera at BPA-ordninga ikkje er avgrensa på ein slik måte at dei tildelte timeressursane kun kan brukast innanfor kommunen sine grenser.

Brukar har allereie rett til å klaga dersom vedkomande får avslag på ei teneste. Det skulle ikkje vera naudsynt å ha ein «dobbel-rett» til dette. Dersom brukar (mellom 25 og 32 t/veke) får avslag på BPA, vil han samtidig få vedtak om anna tilbod som tryggjer forsvarleg hjelp.

Høyringsnotatet drøftar pårørande sine bidrag og fare for å tapa desse ved auka tilgang til

BPA. Dette er ei utfordring som ikkje er særskild for denne brukargruppa og som uansett er ei stor utfordring i framtida.

Kommunen forventar at dersom staten skal lovfesta retten til å få praktisk bistand og opplæring organisert som BPA, må kommunen få kompensert eventuelle meirutgifter. Sidan det er usikkert kor mange nye brukarar som kjem til, bør lova evaluerast etter 1 år og ikkje etter 3 år, som kjem fram i forslaget.

Det bør vera eit unntak for dei med stort behov som bur i bufellesskap med heildøgnsbemanning. Dersom bebuar skal gå over til BPA, vil dette auka kommunen sine utgifter i høg grad.

Med helsing
Knut J. Gram (sign)
kommunalsjef

Trygve Dahl (sign)
helse- og sosialkonsulent